

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 LONEVÅG

Vår dato: 11.08.2023
Vår ref.: 202311399-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 23/1941 - 23/16718

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE si fråsegn - Høyring - Søknad om dispensasjon for bygging av mikro kraftverk på gnr. 60 bnr. 1 - Votlo - Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 17.07.2023. Saka gjeld søknad om bygging av mikro kraftverk i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Om NVE

NVE er mynde for nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til tryggleik mot flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, samt anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE skal hjelpe kommunane med å førebygge skader frå naturfarar og overvatn ved å bygge opp og legge til rette for eit godt kunnskapsgrunnlag, og gi rettleiing.

NVE si fråsegn

Konsesjonspliktavurdering

I søknaden frå tiltakshavar skriv dei at konsulenten har vurdert at det ikkje er nødvendig å be NVE om ei konsesjonspliktavurdering av kraftverket. Det stemmer at det ikkje er eit lovkrav at alle søknadar om kraftverk må innom NVE (unntak er for verna vassdrag). Ei konsesjonspliktavurdering er eit tilbod til tiltakshavar om at NVE kan gjere ei forpliktande førehandsvurdering av om tiltaket er konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8. Dette er ei enkel vurdering, på bakgrunn av eksisterande kunnskap, av om tiltaket kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til vassdraget. For mange tiltakshavarar er det vanskeleg å vurdere om det prosjektet dei planlegg kan vere til ulempe for allmenne interesser, og det er difor ein tryggleik for dei at NVE gjer denne vurderinga. Kommunen og andre relevante myndigheiter kan også krevje at NVE gjer ei konsesjonspliktavurdering før dei vil behandle saka etter for eksempel plan- og bygningslova eller forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Ofte aukar ulempene frå kraftverket med størrelsen, men mikro kraftverk kan også i enkelte tilfelle vere konsesjonspliktige. Dersom det er årsikker vassføring (den tørkar aldri ut) i bekken aukar det for eksempel sjansen for at det kan vere viktige allmenne interesser knytt til vassdraget. Å ta i bruk alminneleg lågvassføring i vassdrag med årsikker vassføring utløyser difor konsesjonsplikt, jf. vassressurslova § 10.



Kommunen kan behandle søknaden de har fått, men vi vil presisere at NVE ikkje har gjort ei konsesjonspliktavurdering av dette tiltaket. Viss tiltakshavar eller kommunen ønskjer det må det sendast inn ei melding etter vår mal (eller med tilsvarande informasjon) som ein finn her [Trinn 2 - Søknad - NVE](#)

Mogleg fare for flaum og erosjon

Langs vassdrag kan det vere fare for flaum og erosjon. Den reelle faren må vere avklart og tryggleiken dokumentert i medhald av TEK17 § 7-2, før det gjevast løyve til tiltak. Byggverk og konstruksjonar som omfattast av mikrokraftverket må ha tilstrekkeleg tryggleik, jf. aktuell tryggleiksklasse for flaum i TEK17 § 7-2. For rettleiing om krav til kompetanse, tinging og utføring av flaumutgreiing viser vi til NVErettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#).

Ein kan oppnå tryggleikskravet med å plassere byggverket utanfor flaumutsett område, ved å sikre tiltaket, eller å dimensjonere og konstruere byggverket slik at det toler belastningane. Der det er mogleg bør byggverket plasserast utanfor området som blir fløymt over ved flaum med det aktuelle gjentaksintervallet.

Fare for erosjon langs vassdraget bør også vurderast, jf. kartbasert rettleiing for reguleringsplan nr. 7. Byggverk må leggest i sikker avstand frå erosjonsutsett skråning, eventuelt må skråninga sikrast mot erosjon. For å unngå fare for erosjon, bør avstand frå topp elveskråning til byggverket vere minst lik høgda på elveskråninga og minimum 20 meter. Dette kravet er uavhengig av tilrådd avstand for tilstrekkeleg tryggleik mot flaum gitt i avsnittet over.

Krav til sikkerheit mot erosjon langs vassdrag er gitt i TEK17 § 7-2, 4. ledd med rettleiing.

Mogleg fare for skred i bratt terreng

[NVE Atlas](#) og NVE si [kartbaserte rettleiing for reguleringsplan nr. 9](#), viser at tiltaket ligg innafor aktsemdområde for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred. Reell fare for skred må være avklart og tryggleiken dokumentert, jf. aktuell tryggleiksklasse i TEK17 § 7-3, før det blir gitt løyve til tiltaket.

Skredfaren må vurderast av fagkyndige. For rettleiing om krav til kompetanse, tinging og utføring av skredutgreiing, viser vi til [NVEs digitale rettleiar om utredning av skredfare i bratt terreng](#).

Når området er kartlagt for reell skredfare, kan ein oppnå tryggleikskrava enten ved å plassere tiltaket utanfor fareområdet, ved sikringstiltak som reduserer sannsynet for skred mot tiltaket og tilhøyrande uteareal, eller ved å dimensjonere og konstruere tiltaket slik at det toler belastningane. Der det er mogleg bør en velje å plassere tiltaket utanfor fareområdet.

Dersom det er behov for sikringstiltak, må tiltakshavar dokumentere korleis tryggleiken skal bli ivareteken. Dersom farekartlegginga viser at tryggleiken mot skred er avhengig av skog som sikring, må kommunen sjå til at regulering av hogst og skjøtsel av skogen blir



sikra med ein avtale med skogeigar. Avtalen må kunne tinglysast som ein særleg rett (servitutt).

Regelverk om dispensasjon og sikker byggegrunn

Etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2, kan kommunen «*gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov*». Det kan ikkje gjevast dispensasjon dersom «*hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt*». De må vurdere konkret om vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er stetta, og om fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Sikker byggegrunn ved bygge- og deletiltak

Kommunen må ikkje gi godkjenning til utbygging i fareområde, utan at tryggleiken er teken i vare. Dersom tiltaket kan være utsett for naturfare, som flaum og skred, skal kommunen sjå til at tiltakshavar dokumenterer at krava i pbl. § 28-1 og byggtknisk forskrift (TEK17) kap. 7, er stetta. Krav til tryggleik gjeld ved alle typar byggearbeid og deling, jf. temarettleiinga frå Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) om [utbygging i fareområde](#) kap. 2.7-2.9.

Å dispensere frå kravet til sikker byggegrunn i pbl. § 28-1 vil kunne auke faren for tap av/skade på menneskeliv eller skade på eigedom, noko som vil kunne innebere at omsynet bak føresegna blir sett til side, og at dispensasjon dermed ikkje kan gjevast. Dette er presisert i kap. 3.5 i rundskriv H-5/18. [Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD, no KDD).

Korleis ta omsyn til naturfare, vassdrag og anlegg for energi

Vi viser til vår [kartbaserte rettleiing for reguleringsplan](#). Den vil leie dykk gjennom våre fagområde, og gi dykk verktøy og innspel for å ta i vare desse.

Sjå våre [internettsider for arealplanlegging](#) for ytterlegare informasjon om våre fagområde. Her er informasjonen og rettleiinga delt inn etter plannivå og bygge- og dispensasjonssak.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:
Osterøy kommune